



Flinke barnehagebarn kosar seg og lærer nye ting i kulden.

Den kalde perioden vi er inne i no, gjev mange spennande muligheter. Mange ser nok fram til å få brukt skeisene på Fjellandsbøvatnet, men på Uskedal oppvekstsenter vert kulden brukt til å gjera undervisninga meir spennande og meir forståeleg. Både i 2. klasse og i barnehagen kunne dei visa kjekke eksempel på det.

I barnehagen hadde dei lært om ulike former ved å blanda vatn saman med andre ting frå naturen som sand, småstein og lauv i glas og let det stå ute i kulden for å sjå kva som skjedde. Ein gut hadde laga seg ein flott gullmedalje som han til og med kunne henga rundt halsen.

Eit anna spennande eksperiment heldt dei på med i dag. Dei hadde fylt eingangshanskar med vatn, tilsett ulike fargestoff og hengt dei opp til frysing. Då eg var innom var vatnet byrja å frysa til is. Dei såg at hanskanne hadde vorte større, og såleis kunne dei læra at vatnet utvidar seg når det vert til is. Nokre hadde fått to fargar i sine hanskar. Skikkeleg flotte var dei blitt.



2. klassingane hadde flott utstilling med tredimensjonale isfigurar.

Dei 18 andreklassingane har for tida om tredimensjonale figurar i matematikk. Då hadde dei funne ut at dei kunne laga ei utstilling med isfigurar. Dei også hadde tilsett fargestoff til figurane sine. Det vart ei flott utstilling, og jammen hadde dei også lært namna på dei ulike formene på ein flott måte. Her var det prisme, sylindrar, pyramidar og kjegler i ulike fine variantar, og då vert det mykje lettare for 2.klassingane å læra alle dei vanskelege namna.

Og etter at 2.klassingane hadde vist meg utstillinga, var dei klar for tur til Revhaug. Der skulle dei mellom anna laga pinnebrød.



Isskulturutstillinga.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland